Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. 6 | Herad: Bø

Emne: Folkelege musikkinstrument | Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø. | Gard: i Nordbø.

(adresse): Bø Telemark | G.nr. 54 | Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigne opplevningar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Ja dei skar kring ora og flette bork til lur, oreluren. Det var mykjø hjuringar som gjorde det. Men andre au.

2

Dei sa halm eller halme. Og some bles i halmpipe.

3

Dei hadde eit trestykke som dei vatt garn på. Dei skar inn lengst etter på sidene, så det blei holt innani. Så pressa dei stein inn i. Når kvinnfolka vatt garn, ramla steinane inne i trestykket.

4.

Dei knytte neven, la eit blad på sida (ved tommen), slo til så det small og gjekk hol i bladet.

Dei bles ut ein pose og slo han oppe på einkvan – så han sprakk – og small. Det gjer barn enno.

6973

Dei tok stokkeblomar og smelte dei
Dei tok glør og la i grautegreina spytta på gloen og slo med ein hamar. Det smalt hardt. Dei kalla det Kålå-bårse.

Dei swega med swepa og og pekk til smell.
Og dei kasta netaskal i elden så det smalt.
Dei skaut proppeskot, t.d. 17de mai. Dei bora holi berget, ladde med krut, kodd ei skara i treproppen dei slo i, der låg lunta. Så tende dei på — og proppen for høgt i veret. Han gjekk ofte sund. Her er mange slike hol. Heir på garden og — på Kustaffberget.
Dei skaut au i gjestebod. — Og dei skaut om jolaftan. Det var og gjort. Some gjer det ennå (1952)
Dei bruka au krutkjering)

5.

Dei gamle skreik om jolekvelden. Det skulle kanskje skræme og jaga vekk trollskap og tusseri.
Det var iallfall ein gamal skikk og ei gamal tru som nå er gått av bruk.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6973